

## Læreplan i medie- og informasjonskunnskap

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 24. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Medie- og informasjonskunnskap handlar om å forstå mediesamfunnet. Det handlar òg om å forstå seg sjølv i mediesamfunnet, både som skapande individ og som brukar av medium. Gjennom å avdekkje korleis medieforteljingar er bygde opp, skal elevane forstå meir av den rolla media speler i samfunnet og i deira eige liv. Medie- og informasjonskunnskap skal styrkje forståinga av samanhengen mellom ytringsfridom, frie medium og fungerande demokrati. Utforskande arbeid og medieproduksjon skal gi elevane forståing av samanhengar mellom teoretiske og praktiske sider ved faget. Faget skal òg gi elevane føresetnader for aktiv samfunnsdeltaking og framtidige studiar og arbeidsliv.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Medie- og informasjonskunnskap skal bidra til å fremje verdier som toleranse, likeverd og respekt for kultur- og meningsmangfald. Kompetansen elevane tileignar seg i faget, skal skape engasjement for den verda vi lever i, og stimulere til kreativitet, kritisk tenking og etisk medvit. Utforskande arbeid og medieproduksjon skal gi elevane høve til å utvikle skaparglede og nysgjerrigheit.

### Kjerneelement

#### Mediemedvit

Kjerneelementet mediemedvit handlar om kva påverknadskraft media har, korleis ein sjølv og andre bruker medium, og kva media har å seie for identitet og sjølvforståing. Kjerneelementet handlar òg om juridiske rammer for publisering, etisk medvit og ferdigheiter i kritisk analyse av ytringar og ulike kjelder til kunnskap og fakta.

#### Medieforteljingar

Kjerneelementet medieforteljingar handlar om å utvikle innsikt i korleis media formidlar budskapar gjennom ulike forteljemåtar og i ulike sjangrar. Det dreier seg om å forstå samanhengar mellom form og innhald og om å kunne bruke denne kunnskapen i eigne medieforteljingar. Kjerneelementet handlar òg om å opne auga mot verda og bli nysgjerrig, engasjert og kritisk medviten.

#### Journalistikk

Kjerneelementet journalistikk handlar om å utvikle kompetanse om den samfunnsrolla media speler i eit demokrati med ytringsfridom og frie medium.

I dette ligg òg medvit om presseetikk og kjeldekritikk og om kva som skil journalistikk frå andre ytringar i det offentlege rommet. Kjerneelementet handlar òg om å reflektere over korleis den teknologiske utviklinga påverkar journalistrolla, og om å produsere eigne journalistiske uttrykk.

## Innovasjon og medieutvikling

Kjerneelementet innovasjon og medieutvikling handlar om å utvikle innsikt i samanhengar mellom teknologisk nyskaping og medieutvikling. Det inneber å tileigne seg kunnskapar om hovudlinjer i medieutviklinga og om korleis teknologisk nyskaping og andre forhold har påverka utviklinga. Kjerneelementet handlar vidare om å arbeide kreativt med eigne medieproduksjonar og å reflektere over kva følgjer den kontinuerlege teknologiske utviklinga har for samfunnet i dag og i framtida. Det handlar òg om å reflektere over korleis innovasjon og kreativitet kan brukast i eigne medieuttrykk og i det framtidige arbeidslivet.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I medie- og informasjonskunnskap handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om korleis medium fyller ulike behov i livet til ulike menneske. Faget skal fremje generell folkehelse gjennom å tydeleggjere kva slags påverknad media kan ha på menneske. Faget skal òg fremje respekt for ulikskapar mellom menneske og styrkje evna til kritisk tenking i møte med medietekstar om helse og ulike måtar å leve på.

### Demokrati og medborgarskap

I medie- og informasjonskunnskap handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om den rolla media spelar i demokratiseringa og i eit fungerande demokrati. Det handlar òg om korleis den enkelte kan kommunisere i det offentlege rommet, og korleis misbruk av ytringsfridommen kan medverke til auka polarisering og fleire konflikhtar og vere eit hinder for deltaking og integrasjon i samfunnet.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i medie- og informasjonskunnskap inneber å utvikle debattkultur. I dette ligg å argumentere for eigne synspunkt og lytte til, vurdere og gi respons på innspel frå andre. Det inneber òg å presentere og analysere eigne og andre sine medietekstar ved hjelp av fagspråk tilpassa mottakar og formål. Vidare inneber det å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

## Å kunne skrive

Å kunne skrive i medie- og informasjonskunnskap inneber å bruke varierte skrivestrategiar for å utforme ulike typar skriftlege tekstar med fagspråk tilpassa formål og mottakar. Det inneber òg å diskutere eit fagleg emne presist og sjølvstendig og bruke relevante faglege teoriar, omgrep og kunnskapar i sjølvstendige skriftlege arbeid. Vidare inneber det å bruke kjelder kritisk og på ein måte som lar seg etterprøve.

## Å kunne lese

Å kunne lese i medie- og informasjonskunnskap inneber å analysere og forstå ulike medietekstar. Det inneber òg å finne og vurdere implisitt og eksplisitt informasjon i tekstar om kjende og ukjende emne. Vidare inneber det å lese medietekstar med eit kritisk blikk, vurdere ulike perspektiv og vurdere og tolke formålet og motivet til avsendaren i ein kontekst.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i medie- og informasjonskunnskap inneber å hente ut, tolke og bruke ulike typar statistikk som utgangspunkt for analyse og argumentasjon. Det inneber òg å rekne ut tidsbruk i samband med egne medieproduksjonar.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i medie- og informasjonskunnskap inneber å bruke digitale ressursar i eigen medieproduksjon. Det inneber òg å bruke digitale ressursar til å kommunisere og til å søkje etter, vurdere og bruke informasjon kritisk og etterretteleg. Vidare inneber det å utøve digital dømmekraft, juridisk og etisk.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering medie- og informasjonskunnskap 1

### Kompetansemål etter medie- og informasjonskunnskap 1

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne, vurdere og bruke kjelder
- bruke medie- og kommunikasjonsfaglege teoriar i arbeid med faglege spørsmål, emne og problemstillingar
- reflektere over kva rolle media spelar for utviklinga av demokratiet i Noreg, og drøfte samanhengen mellom yringsfridom og demokrati

- gjere greie for hovudlinjer i mediepolitikken i Noreg og drøfte samanhengar mellom mediestrukturen, mediepolitikken og den teknologiske utviklinga i dag
- planleggje og utvikle medieprodukt knytte til medieutvikling
- reflektere over mediebruk og vurdere korleis sosiale medium, og andre medium, kan påverke haldningar, identitet og sjølvforståing
- utforske kva rolle media har i korleis dei presenterer ulike grupper i samfunnet og reflektere over korleis urfolk og minoritetar er presenterte og representerte i media i Noreg
- reflektere over og vurdere etiske og juridiske utfordringar i ulike kommunikasjonssituasjonar og i eigne medieproduksjonar
- vurdere skiljet mellom faktabaserte ytringar og andre ytringar
- beskrive journalistisk arbeidsmetode og reflektere over denne i eigen medieproduksjon
- reflektere over omgrepet sjølvjustis i media og drøfte konsekvensar av brot på medieetiske normer
- reflektere over konsekvensar av uklare skilje mellom journalistikk og andre medieuttrykk
- gjere greie for ulike kommunikasjonsmodellar og bruke desse i analyse og produksjon av medietekstar
- reflektere over samanhengar mellom form og innhald i ulike typar medieforteljingar og utvikle ulike medieproduksjonar

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i medie- og informasjonskunnskap 1. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei bruker faglege metodar og teoriar i utforskande arbeid med og refleksjon over ulike emne, samanhengar og problemstillingar, munnleg, skriftleg og praktisk. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse gjennom refleksjon over etiske spørsmål, medieforteljingar og kva rolle media spelar i samfunnet og i deira eige liv. Elevane viser og utviklar òg kompetanse i arbeid med journalistikk og medieproduksjonar.

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i medie- og informasjonskunnskap 1. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei bruker faglege metodar og teoriar i utforskande arbeid med og refleksjon over ulike emne, samanhengar og problemstillingar, munnleg og skriftleg. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse gjennom refleksjon over etiske spørsmål, medieforteljingar og kva rolle media spelar i samfunnet og i deira eige liv. Elevane viser og utviklar òg kompetanse i arbeid med journalistikk og medieproduksjonar.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa etter medie- og informasjonskunnskap 1.

Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i medie- og informasjonskunnskap 1 basert på kompetansen eleven har vist ved å skape produkt, belyse ulike emne, samanhengar og problemstillingar og bruke faglege teoriar og metodar i arbeidet.

## **Kompetansemål og vurdering medie- og informasjonskunnskap 2**

### Kompetansemål etter medie- og informasjonskunnskap 2

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne, vurdere og bruke kjelder
- bruke faglege teoriar i arbeid med faglege spørsmål, emne og problemstillingar
- utforske sentrale trekk ved internasjonal mediestructur og mediepolitikk, og drøfte samanhengar mellom mediesystem, ytringsfridom og demokrati
- analysere nyheitsformidling i eit internasjonalt perspektiv
- drøfte kva konsekvensar medieutviklinga har for journalistrolla, og utforske og reflektere over korleis nye medium og forteljemåtar kan brukast i eigne journalistiske produksjonar
- drøfte etiske problemstillingar i journalistikk og andre medieuttrykk og i eigen medieproduksjon
- drøfte korleis produksjon og distribusjon av informasjon kan bli styrt og kontrollert av ulike interesser og gjennom teknologi og ulike strategiar
- drøfte kva makt media har
- drøfte forholdet mellom ytringsfridom og ytringsansvar
- utforske og vurdere eigne moglegheiter til å delta i samfunnsdebattar og til å setje dagsordenen
- analysere forskjellige medieforteljingar og reflektere over samanhengar mellom form og innhald
- drøfte korleis medieforteljingar kan skape respekt og forståing mellom folk og kulturar, men også stereotypiar og fordommar
- planleggje, utvikle og presentere eigne medieforteljingar på nye måtar

### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i medie- og informasjonskunnskap 2. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei bruker faglege metodar og teoriar i utforskande arbeid med og refleksjon over ulike emne, samanhengar og problemstillingar, munnleg, skriftleg og praktisk. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse gjennom refleksjon over etiske spørsmål og kva rolle media spelar i det internasjonale

samfunnet og i deira eige liv. Elevane viser og utviklar òg kompetanse i arbeid med medieforteljingar, journalistikk og medieproduksjonar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte og praktiske arbeidsmåtar, og ved å la elevane skape, utforske og søke svar på faglege spørsmål og problemstillingar. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i medie- og informasjonskunnskap 2, og elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i medie- og informasjonskunnskap 2.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa etter medie- og informasjonskunnskap 2. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i medie- og informasjonskunnskap 2 basert på kompetansen eleven har vist ved å skape produkt, belyse ulike emne, samanhengar og problemstillingar og bruke faglege teoriar og metodar i arbeidet.

## Vurderingsordning

### Standpunktvurdering

Medie- og informasjonskunnskap 1: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Medie- og informasjonskunnskap 2: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

### Eksamen for elevar

Medie- og informasjonskunnskap 1: Eleven kan trekkjast ut til ein munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Medie- og informasjonskunnskap 2: Eleven kan trekkjast ut til ein skriftleg eller munnleg-praktisk eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Munnleg-praktisk eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Skriftleg og munnleg-praktisk eksamen skal ha førebuingssdel.

## **Eksamen for privatistar**

Medie- og informasjonskunnskap 1: Privatisten skal opp til ein munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Medie- og informasjonskunnskap 2: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eksamen skal ha førebuingssdel.